



Fiskeri- og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 OSLO



**ULVIK HERAD**  
Skeiesvegen 3  
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:

08/132-20/K1-00/MHE

Direkte innval:

56527019

Stad/Dato:

16.11.2009

### **Merknader til framlegg til ny forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden**

Ulvik Herad er glad for at det kjem ei eige forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden, med eit overordna mål om å betre den vanskelege situasjonen for dei ville bestandane av laks og sjøaure.

Vi har følgjande merknader til framlegget:

1. Konkrete miljømål som utløyssande tiltak dersom måla ikkje vert nådd, bør inn i forskrifta. Dette var med i oversendingsbrevet frå Fiskeridirektoratet til FKD, men er ikkje tatt med i utkast til forskrift.
2. Forvaltninga av Hardangerfjorden må organiserast slik at forvaltningsmyndigheitene sitt overordna ansvar kjem klart fram. Oppdrettsnæringen og villfiskinteressene må i planprosessar m.v, delta som likeverdige partar.
3. Det må settast inn tilstrekkelege ressursar til hyppige kontrollar av oppdrettsanlegga, og målretta tiltak mot lakselusa. Sanksjonane overfor oppdrettsnæringen i forhold til brot på miljøreglar må kritisk reviderast i forhold til dei miljøkrava som er sett.
4. Med den prekære situasjonen for villaks – og sjøaurestammene i Hardangerfjorden må ein vurderer på nytt om eit produksjonstak på 50.000 tonn oppdrettsfisk er for høgt.

Med helsing

Mona H. Hellesnes  
ordfører



E-post  
[ulvik@ulvik.kommune.no](mailto:ulvik@ulvik.kommune.no)

Telefon  
56527000

Fax  
56527001

Bankkontonr.  
3450 19 70001

Organisasjonsnr.  
971 159 928